



SAKSHANDSAMAR
Line Bårdseng, Ingunn Holm

VÅR REF.
15/01784-33

DYKKAR REF.

ARK. Forvaltningsarkivet
311.1

INNVALSTELEFON

+47 98202805

DYKKAR DATO

VÅR DATO
04.12.2015

TELEFAKS
+47 22 94 04 04
postmottak@ra.no
www.riksantikvaren.no

Hordaland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 Bergen

Hordaland Fylkeskommune

14 DES 2015

Prioriteringar for kulturminneforvaltinga 2016

Den regionale kulturminneforvaltinga og Riksantikvaren skal i fellesskap nå dei nasjonale måla på kulturminnefeltet fram mot 2020.

Dette er Riksantikvarens årlege brev som viser prioriteringane våre på bakgrunn av dei politiske styringsdokumenta, og våre ønskjer og mål for samarbeidet med regional kulturminneforvalting i 2016. Brevet er delt i ein generell del og ein del som er spesifikk for den einskilde fylkeskommunen eller Sametinget.

Forslag til statsbudsjettet for 2016, Stortingsmelding 35 (2012-13) *Framtid med fotfeste* og nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging som er gitt i kongeleg resolusjon, ligg til grunn for følgjande prioriterte område:

- **Kulturminne i kommunen (KIK)**
- **Bystrategi for kulturminneforvaltinga**
- **Arbeidet med framtidig ansvars- og oppgåvefordeling**
- **Tilskotsforvalting og rapportering**

Føringar frå statsbudsjettet for 2016

I statsbudsjettet står måla for resultatområde 2.2 Kulturminne og kulturmiljø, med tilhøyrande indikatorar. Når det gjeld budsjettsituasjonen for kulturminnefeltet for 2016, har vi valt å sende prioriteringsbrevet før budsjettet er endeleg vedteke i Stortinget. Vi må ta atterhald om dette. I framlagt budsjett er det ei styrking av fartyvernet. Elles er budsjettet prega av at tildelingane til bevaringsprogramma i hovudsak berre er pris- og lønnsjustert. Regjeringspartia og Venstre og Kristeleg folkeparti har inngått ein budsjettavtale som inneber nokre mindre aukingar på enkelte tilskotspostar.

Hovudprioriteringar

Kulturminne i kommunane - KIK

Det er eit nasjonalt mål å minimere tapet av verneverdige kulturminne, og her er kommunane sentrale. Prosjektet *Kulturminne i kommunane - KIK* skal styrkje kulturminnearbeidet i kommunen mellom anna gjennom kommunale kulturminneplanar. I kongeleg resolusjon 12. juni i år vart det vedtatt nasjonale *forventningar til regional og kommunal planlegging*. Der blir det fastslått at kommunane har hovudansvaret for å identifisere, verdisette og forvalte verneverdige kulturminne i tråd med nasjonale mål. Fylkeskommunen og Sametinget har ansvar for å rettleie kommunane.

Riksantikvaren ønsker at alle fylkeskommunane prioriterer og støttar arbeidet i kommunane med å lage kommunale kulturminneplanar. Også i 2016 vil Riksantikvaren ha midlar til å bestille arbeid med kulturminneplanar og til kompetansomodellar i regi av fylkeskommunane. Vi vil sende ut invitasjonsbrev etter at statsbudsjettet er vedtatt, med søknadsfrist på nyåret. Det er ein føresetnad i prosjektet at kommunane legg dei kulturminna som er prioriterte i politiske kulturminneplanar inn i Askeladden.

Bystrategi for kulturminneforvaltinga

Forholdet mellom ønska byutvikling og omsynet til miljø og kulturminne gjeld alle nivå i kulturminneforvaltinga. I enkelte byar er det knytt store utfordringar til blant anna fortetting og vekst, mens i andre byar er hovudutfordringa handelslekkasje og tomme forretnings- og kontorlokale. Kulturminneforvaltinga må møte desse utfordringane på ein konstruktiv måte. Riksantikvaren skal vere ein pådrivar og rådgivar for bruk av kulturminne og kulturmiljø som ein ressurs i by- og tettstadsutviklinga, og stimulere til verdiskaping og næringsutvikling, som skal medverke til å skape eit levande bymiljø og kvalitet i omgivnadene våre. Både NB!-registeret, DIVE-analysar og ein aktiv medverknad frå regionalforvaltinga i planbehandlinga til kommunane, er viktige reiskapar i den samanhengen.

Direktoratet har fått i oppdrag frå Klima- og miljødepartementet å utarbeide ein strategi for bymiljø, byutvikling og kulturarv. Strategien er forventa å vere klar i 2016.

Eit dialogseminar vart gjennomført 1.6.2015 i samarbeid med dei største byane og eit breitt spekter av aktørar. På Høstmøtet 2015 var temaet by med foredrag og diskusjon om dette strategiarbeidet. Eit nytt seminar vil finne stad i 2016. Riksantikvaren ser det som viktig at den regionale kulturminneforvaltinga også følgjer opp dette satsingsområdet.

Arbeidet med framtidig ansvars- og oppgåvefordeling

Stortinget sin kommunalkomiteé behandla i sommar stortingsmeldinga om framtidig oppgåvefordeling i kommunal sektor. Fleirtalet i komiteéen vedtok ein merknad om å vurdere om fleire oppgåver kan overførast til det regionale folkevalde nivået. Dette gjeld mellom anna ansvarsfordeling og finansiering mellom stat, regionar og kommunar på kultur- og kulturminneområdet, medrekna ei vurdering av Riksantikvarens rolle og ansvar. Regjeringa arbeider med oppfølginga av dette vedtaket gjennom ei stortingsmelding om regional forvalting. Det er forventa at den blir lagt fram i 2016. Framtidig ansvars- og oppgåvefordeling innanfor kulturminneforvaltinga må sjåast i lys av dette arbeidet.

Tilskotsforvalting og rapportering

Forbetra tilskotsforvalting er eit prioritert tema for Riksantikvaren i 2016. Riksrevisjonen har avdekt vesentlege manglar ved tilskotsforvaltinga i to fylkeskommunar, ikkje minst ved dokumentasjonen av dei einskilde ledda i tilskotsprosessen. Dei statlege tilskotspostane som fylkeskommunen heilt eller delvis forvaltar, skal forvaltast i tråd med det statlege økonomiregelverket, jf. instruksane for økonomistyring i staten, kap. 6.2.2.2. Dette vil seie at tilskotspostane skal forvaltast og rapporterast i tråd med regelverket for den einskilde posten, noko som også blir reflektert i Klima- og miljødepartementet sitt tilskotsrundskriv, *Rundskriv T-1/15 Tilskotsordningar for 2016 og Klima- og miljødepartementet, budsjett, Prop 1 S KLD (2015-2016)*.

Under tilvising til bevilgningsreglementet § 10 gjer vi merksam på at Riksantikvaren har høve til å føre kontroll med at tilskotet blir brukt etter føresetnadene. Direktoratet vil utføre tilsyn i utvalde fylkeskommunar i 2016. Riksrevisjonen har tilsvarande kontrollhøve heimla i lov om riksrevisjon av 7. mai 2004 § 12.

Riksantikvaren understreker at det er flott at fylkeskommunane har teke i bruk tilskotsmodulen i Askeladden. Dette gir ei god oversikt over tilskotsforvaltinga, og lettar arbeidet til kulturminneforvaltinga med pålagd rapportering frå Klima- og miljødepartementet og Riksrevisjonen.

Andre forhold som Riksantikvaren meiner er viktige i 2016

Oppfølging av fredingsstrategien

Riksantikvaren ønskjer at regionalforvaltinga bidrar med

- å gjennomføre lova framdrift når det gjeld ferdigstilling av fredingssaker
- eit samarbeid om å få fredingsarbeidet inn i eit planmessig godt spor
- eit samarbeid om å velje ut og frede kulturminne knytt til dei nasjonale minoritetane

I 2016 startar Riksantikvaren eit prosjekt om nasjonale minoritetar som i fredingsstrategien vart identifisert som eit av dei viktigaste prioriterte tema for freding framover. Riksantikvaren kjem med ei bestilling i fyrste halvår 2016 om forslag frå regional kulturminneforvalting på kulturminne knytt til nasjonale minoritetar i dei enkelte fylka.

Riksantikvaren har sett i gong eit prosjekt som skal bygge opp kunnskap om og gi ei samla oversikt over grøntanlegg av nasjonal verdi. Eit av delmåla i prosjektet er å utarbeide ei tentativ fredingsliste for grøntanlegg. I samband med dette ønskjer Riksantikvaren i løpet av fyrste halvår, forslag frå regional kulturminneforvalting på grøntanlegg som kan vere av nasjonal verdi i fylka.

Eit viktig mål i 2016 er å fullføre dei pågåande fredingssakene som ligg i fylkeskommunane jf. fredingsstrategien. Dette gjelder alle saker starta før november 2013. Riksantikvaren vil sende brev til alle fylkeskommunane om oppfølging av fredingssaker.

Riksantikvaren skal følgje opp Stortingsmelding 35 (2012-13) *Framtid med fotfeste - Kulturminnepolitikken* i samsvar med oppfølgingsplanen. Arbeidet knytt til å betre rammevilkåra for private eigarar av freda kulturminne skal bli prioritert.

Regional kulturminneforvalting er delegert styresmakt til å gi dispensasjon for nødvendige tiltak i vedtaksfreda anlegg og i erklært ståande hus frå perioden 1537-1649, i privat eige. Riksantikvaren ser at det er forskjellar mellom fylka når det gjeld utforminga av sjølve dispensasjonsvedtaket. I den samanhengen vil vi gå i dialog med regionalforvaltinga for å etablere ei meir samordna saksbehandling og riktig heimelsbruk.

Som oppfølging av fredingsstrategien utarbeider Riksantikvaren også nye malar og rettleiarar for regionalforvaltinga og for eigarar av freda kulturminne. Desse skal ein ta i bruk i 2016. Målet er å effektivisere fredingsprosessen, auke eigarmedverkinga og sikre lik handsaming for eigarar over heile landet. Nærare informasjon om kurs og oppfølging av dette kjem til neste år.

Kapasitet og kompetanse i kulturminneforvaltinga

Riksantikvaren erfarer at einskilde fylkeskommunar har for svak bemanning knytt til nyare tids kulturminne. Riksantikvaren vil derfor oppmode regionalforvaltinga til å auke kapasiteten på dette feltet. Dette saman med riktig kompetanse vil vere viktig med tanke på arbeidet med framtidig ansvars- og oppgåvefordeling.

Motsegnspraksis

Klima- og miljødepartementet arbeider med eit rundskriv om motsegnspraksis for å klargjere kva som er nasjonale og vesentlege regionale interesser på mellom anna kulturminnefeltet. I

den samanhengen viser ein og til rundskriv 2/14 som gir dei overordna retningslinjene for bruk av motsegn i plansaker etter plan- og bygningslova. Riksantikvaren er oppteken av at motsegn berre blir brukt der dette er absolutt nødvendig for å sikre kulturminne av vesentleg regional og nasjonal verdi. Vidare er vi opptekne av at konfliktsaker, i så stor grad som mogeleg, blir løyst av regional forvaltning, ev. i mekling med Fylkesmannen. Også når det er reist motsegn av fylkeskommunen kan Riksantikvaren hjelpe til i forhandlings- og meklingsfasen dersom dette er ønskjeleg.

Arkeologi

Riksantikvaren har startar opp eit utgreiingsarbeid om oppfylling av granskingsplikta i kulturminnelova § 9. Målet er å kunne handtere denne avgjerda slik at både kulturminneverdiar og andre samfunnsinteresser vert best mogeleg tatt vare, ikkje minst når det gjeld landbruk, natur og friluftsområde (LNFR). Arbeidet vil omhandle ulike sider ved handteringa av avgjerda, og vi vil i samband med dette ta kontakt med kvar einskilde fylkeskommune/Sametinget for å innhente erfaringar dei har. Arbeidet blir forventa avslutta i 2016.

Klima- og miljødepartementet vedtok 21. august 2015 *Retningslinjer for gjennomføring av undersøkelsesplikten og budsjettering av arkeologiske registreringer i henhold til kulturminneloven § 9, jf. § 10*. Retningslinjene vil ta til å gjelda 1. januar 2016. Føremålet er mellom anna å sikre likebehandling og føreseielegheit for offentlege og større private tiltakshavarar. Retningslinjene vil kunne medføre endra rutinar for regionalforvaltninga. Riksantikvaren har derfor utarbeidd ein rettleiar til retningslinjene. Vi har forståing for at det framleis kan vere ting vi ikkje har klart å fange opp i rettleiaren, og vil sjølvstund hjelpe til med ytterlegare avklaringar.

Bevaringsprogramma for bergkunst (BERG) og utvalde arkeologiske kulturminne og kulturmiljø (BARK) går i 2016 inn i andre halvdel av programperioden 2011-2020. Det har vore stor aktivitet i mange fylkeskommunar og Sametinget i fyrste programfase, medan andre fylkeskommunar i mindre grad prioriterer dette. Innsatsen må auke fram mot 2020 for å oppnå dei nasjonale miljømåla. Riksantikvaren vil følgje opp årets BARK-seminar med eit nytt seminar våren 2016, som ledd i dette arbeidet.

Prøveprosjektet med mellombels delegert styresmakt i visse saker i samsvar med kulturminnelova § 8 fyrste, andre og fjerde ledd starta opp i 2011. Dei siste åra har alle fylkeskommunar og Byantikvaren i Oslo delteke i prosjektet. Den mellombelse delegeringa vil bli vidareført som ei prøveordning inntil vidare, i påvente av vidare arbeid med ny ansvarsfordeling og finansiering mellom stat, regionar og kommunar på kultur- og kulturminneområdet.

Kunnskapsløftet for kulturminneforvaltninga - digitale satsingar

Riksantikvaren arbeider langs to spor når det gjeld digitale satsingar i Kunnskapsløftet. For det fyrste digitaliserer vi eige arkivmateriale, og her vil vi kome i mål i løpet av 2016. For det andre arbeider vi med å gi betre tilgang til den digitale informasjonen, og planlegg å utvikle verkty som kan effektivisere forvaltninga. I 2015 er det utvikla eit integrasjons-nav som gir tilgang til all digitalisert informasjon hjå Riksantikvaren. I 2016 vil vi på dette grunnlaget utvikle eit nytt og betre Kulturminnesøk. I denne samanhengen er det viktig at regionalforvaltninga utnyttar dei moglegheitene for digital formidling som dette opnar for. I forslag til statsbudsjett for 2016 er det eit kutt i løyvinga til Kunnskapsløftet. Dette vil kunne seinke arbeidet med utviklinga av digitale grensesnitt og verkty for forvaltninga. Det vert likevel arbeidd med dette, og vi kjem til å trekkje inn regionalforvaltninga i planleggingsarbeidet.

Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse

På oppdrag frå Klima- og miljødepartementet starta Riksantikvaren hausten 2013 arbeidet med å etablere eit register over kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse (KULA). Det er gjennomført eit forprosjekt i Østfold og Hordaland i eit godt samarbeid med dei to fylkeskommunane. Østfoldrapporten er ferdig, og vi ser fram til at registeret blir eit viktig bidrag til ei god forvaltning av kulturhistoriske landskap i Østfold. Arbeidet er i gong i Troms, og vi tar sikte på å vidareføre prosjektet til heile landet innan 2020. Riksantikvaren ønskjer å kunne starte i fleire fylke i 2016, og vi ber interesserte fylkeskommunar om å ta kontakt.

KULA-registeret vil inngå i Askeladden, slik som NBI-registeret. Registeret skal bli kunnskapsgrunnlag og forvaltingsverktøy for kommunane og andre styresmakter. Registeret vil bidra til at arealplanlegginga blir meir føreseieleg. Det er eit mål at kommunane skal forvalte dei kulturhistoriske landskapa gjennom bruk av eigne verkemiddel, der planlegging etter plan- og bygningslova er viktigast. Kulturminneforvaltninga i fylkeskommunen og Sametinget må leggje KULA-registeret til grunn for innspel og dialog med kommunane og andre styresmakter i planprosessar.

Samiske kulturminne

Arbeidet med samiske kulturminne har i dei seinare åra særleg vore kanalisert gjennom to store prosjekt, *Registreringsprosjektet for automatisk fredete samiske bygningar* og *Bevaringsprogrammet for samiske kulturminner*. Registreringsprosjektet vil i 2016 vere inne i sitt nest siste år, medan Bevaringsprogrammet, som i stor grad baserer seg på resultatane frå registreringsprosjektet, førebels har svært avgrensa ressursar til rådvelde. Riksantikvarens forventningar til Sametingets arbeid med desse prosjekta tek utgangspunkt i desse forholda. *Registreringsprosjektet for automatisk fredete samiske bygningar* (i Kunnskapsløftet) vil bli ført vidare i 2016, med særleg fokus på:

- Prioritering av arbeid som står igjen. Prosjektet skal avsluttast i 2017.
- Fortløpande tilstands- og verneverdivurderingar for den registrerte bygningsmassen.
- Informasjon til eigarar om registreringsresultatet.

Bevaringsprogrammet for samiske kulturminner vil vidareutviklast i 2016 med særleg fokus på:

- Prioritering av den registrerte bygningsmassen ut frå verneverdi.
- Utvikle forvaltingsprinsipp for dei ulike verneverdiklassar.
- Vurdere 100-års grensa (dette vil ikkje nødvendigvis gjelde berre for bygningar).
- Ta i bruk og ajourføre tilskotsbehandlinga gjennom tilskotsmodulen i Askeladden.
- Utvikle prinsipp for tilskotsløyving til freda samiske bygningar.

Krigens kulturminne

I 2015 gjennomførte Riksantikvaren ei satsing på krigens kulturminne. Målet var å sikre betre kunnskap om, og få oversikt over ei større breidd av krigsminne. Riksantikvaren vil takke regionalforvaltninga for eit godt samarbeid og ein stor innsats innanfor dette temaet i året som har gått. Arbeidet med krigens kulturminne vil bli ført vidare som ein del av Riksantikvarens ordinære oppgåver i 2016. Forsvars- og krigshistorie er eitt av ti prioriterte tema i fredingsstrategien mot 2020 for kulturminneforvaltninga. Vi går også ut frå at kartleggingsarbeidet vil fortsetje og at krigens kulturminne vil få stor merksemd både lokalt og regionalt også i 2016.

Brannsikring

I statsbudsjettet for 2016 reknar Riksantikvaren med å setje av ca. 10 mill. kr til sikring mot områdebrann i verneverdige, tette trehusmiljø. Kommunane kan søkje Riksantikvaren om tilskot til brannsikringstiltak i område som er freda som kulturmiljø eller står på

Riksantikvarens liste over verneverdige tette trehusmiljø, for kart sjå <http://kulturminnedata.no/brannvern/viewer>.

I og med at over halvparten av dei listeførde, tette trehusmiljøa manglar brannsikringsplanar, har Riksantikvaren frå 2016 utvida ordninga til også å omfatte tilskot til slike planar. I rettleiaren frå Direktoratet for brannsjikkerhet og beredskap (DSB) og Riksantikvaren blir det gitt råd om kva ein brannsikringsplan bør innehalde. Sjå http://brage.bibsys.no/xmlui/bitstream/handle/11250/176895/1/Bybrannsikring_veileder.pdf. I 2016 ønskjer Riksantikvaren å prioritere listeførde tette trehusmiljø som ligg langt unna brannvesen, og vi vil kontakte fylkeskommunane for å få hjelp til å lokalisere slike område.

Verdiskaping

Kulturminne er viktige ressursar i samfunnsutviklinga. Verdiskapingsarbeidet bør sikte mot langsiktig forvaltning av kulturminne, kulturmiljø og landskap og sjåast i samheng med:

- andre satsingar innan kulturminneforvaltninga, bl.a. kulturmiljøfredingar, verdsarv mv., slik at verkemidla støttar kvarandre
- regionale nærings- og utviklingsstrategiar slik at kulturminneinnsats blir kopla med bruk av regionale utviklingsmidlar, kompetansetiltak, næringsnettverk mv.
- plan- og utviklingsarbeid i kommunane slik at kommunale kulturminneplanar og tilhøyrande tiltak blir ein positiv faktor for næringsutvikling, medverknad, engasjement og lokale ressursar mv.

Tilskotsposten til Riksantikvaren er redusert, og regjeringa vil at ein søker stønad til kulturminnerelaterte prosjekt frå generelle program, for eksempel under Innovasjon Norge. Fleire ordningar blir forvalta på regionalt nivå, og Riksantikvaren oppmodar til å utnytte desse. Verdiskapingsarbeidet har gode føresetnader for å lukkast der kulturminneforvaltninga inngår partnerskap med andre offentlege aktørar, eigarar, næringsliv, frivillige og kunnskapsmiljø.

Moglegheiter for tilsyn med kulturminna

Riksantikvaren oppmodar fylkeskommunane og Sametinget til å nytte sjansen med at Statens naturoppsyn (SNO) kan ha tilsyn med kulturminne. SNO inviterer til bestillingsdialogmøte der kulturminneforvaltninga kan leggje fram ønskje om kva kulturminne det skal førast tilsyn og kontroll med, eller kvar det bør gjennomførast registreringar eller skjøtseloppgåver. Desse møta er årlege, som regel i desember. I løpet av våren året etter gir SNO tilbakemelding om kva prosjekt som kan gjennomførast innanfor deira tildelte ressursar.

Sektoravgift under Olje - og energidepartementet. Post 70 Bidrag til kulturminnevern

Sektoravgift for kulturminnevern vart innført i 2008 for å dekkje kostnader til arkeologiske undersøkingar i vassdrag. Konsesjonar som er gitt før 1960 der det ikkje vart gjort arkeologiske undersøkingar ved utbygging, blir omfatta av ordninga når konsesjonen skal fornyast eller vilkåra reviderast. Konsesjonæren betaler ein sum som er basert på storleiken på produksjonen i reguleringsmagasinet, og pengane blir stilt til disposisjon for kulturminneforvaltninga. Riksantikvaren forvaltar sektoravgiftsordninga. Forvaltingsmusea og fylkeskommunane/Sametinget gjennomfører prosjekta i felt. I 2016 blir det forventa oppstart av prosjekt i Skjerka i Vest-Agder, Møsvatn i Telemark, Årdalsvassdraget i Rogaland, Selbusjøen i Sør-Trøndelag og Osensjøen i Hedmark. Riksantikvaren er i dialog med fylkeskommunane, Sametinget og tilknytt forvaltingsmuseum om prosjekta. Riksantikvaren tek kontakt med regional kulturminneforvaltning og respektive forvaltingsmuseum om eventuelle prosjekt i andre vassdragsmagasin når vedtak om ny konsesjon med reviderte eller fornya konsesjonsvilkår er klar.

Dialogmøte med leiinga i regionalforvaltinga

Riksantikvar Jørn Holme gjennomførte for nokre år sidan dialogmøte med den politiske og administrative leiinga i fylkeskommunane, og hadde innlegg i fleire fylkesting. Med mange nye fylkespolitikarar, og ikkje minst større oppgåver i framtida innan kulturminnefeltet, ønskjer Holme å tilby ein ny runde med dialogmøte, fortrinnsvis frå hausten av. Holme deltek også gjerne med innlegg i fylkesting dersom fylkeskommunane ønskjer det. Vi vil ta kontakt i løpet av 2016 for å avtale tidspunkt for dialogmøte.

Dei nasjonale måla

Til slutt vil vi minne om dei nasjonale miljømåla som blir lagde til grunn for prioriteringane til kulturminneforvaltinga

- Tapet av verneverdige kulturminne skal minimerast.
- Eit prioritert utval automatisk freda og andre arkeologiske kulturminne skal ha eit ordinært vedlikehaldsnivå innan 2020.
- Eit representativt utval kulturminne og kulturmiljø skal vere vedtaksfreda innan 2020.
- Freda bygningar, anlegg og fartøy skal ha eit ordinært vedlikehaldsnivå innan 2020.

Som følge av at fleire av dei nasjonale måla er vanskeleg å nå innan 2020, vil bevaringsprogramma bli gått gjennom og realitetsorientert for eventuelt å endre dei nasjonale måla med verknad frå 2017.

Særlege utfordringar for regionalforvaltinga i Hordaland

Ovanfor er det vist til sentrale føringar innan kulturminneforvaltinga. Det er fleire måtar å nå måla på, og det er ønskeleg at den einskilde regionalforvaltinga, innanfor lover og forskrifter, kjem med sine egne løysingar. Andre satsingsområde kan sjølvsagt òg vektleggjast, men skal ikkje fortrenge arbeidet som relaterer seg til nasjonale mål med tilhøyrande indikatorar.

Hordaland fylkeskommune har kome med innspel til prioriteringsbrevet der følgjande tema er tekne opp:

Bidrag til å nå dei nasjonale måla for kulturminnepolitikken

I Fylkesrådmannen sitt framlegg til budsjett for 2016 vil dei regionale tilskotsordningane for kulturminne styrkast ved at ei ny tilskotsordning, *Drift av fartøy og teknisk-industrielle kulturminne* vert oppretta med kr 500 000 og at tilskotsordninga for *Vern og væling av faste kulturminne* og *Bevaringsprogram for arkeologiske kulturminne* vert styrka, kvar med kr 200.000.

Nasjonalt resultatmål 1

- Styrke arbeidet med *Kunnskapsløftet for kulturminneforvaltningen*
- Styrke og etablere nye tilskotsordningar

Dette vil dei gjere ved prosjektet: «*Kulturminnekompetanse i kommunane 2013- 2016*» som er den regionale oppfølginga og del av det nasjonale Kunnskapsløftet for kulturminneforvaltinga.

For å styrke det lokale kulturminnevernet vil Hordaland fylkeskommune si ordning med bygningsvernkonsulentar vidareutviklast.

Hordaland fylkeskommune vil løfta fram at kulturminne og kulturlandskap skal vere ein ressurs til kunnskap, opplevingar og bruk i all samfunnsplanlegging. Blant anna vil ein utarbeida planar for skjøtsel og formidling, og vidareutvikle kompetanse om vern gjennom bruk av prioriterte kulturminne i alle kommunane.

Nasjonalt resultatmål 2

- Styrka tradisjonshandverket
- Betre tenestar til eigarar av freda kulturminne og styrka rapporteringsrutiner for tilskotsordningane

For å sikre tradisjonshandverket i regionen vil Hordaland fylkeskommune fylje opp arbeidet med etableringa av bygningsvernsenter for etter- og vidareutdanning av handverkarar.

Styrka rådgjeving og oppfølging av eigarar, gjennomføre regelmessig registrering av tilstandsgrad og rapportering av tilskot til freda kulturminne i heile Hordaland. Høg innsats i istandsettingsprogrammet for freda hus i privat eige. Hordaland fylkeskommune vil prioritere oppdatering av kulturminnedatabasar og tilstandsregistrering av freda kulturminne.

Nasjonalt resultatmål 3

- Høg prioritet på ferdiggjering av eldre fredingssaker
- Styrka truverde til fredingslista
- Arbeide vidare med overføring av oppgåver frå sentral til regional kulturminneforvaltning

Arbeidet med eldre fredingssaker har første prioritet og skal fullførast i 2016. Fram mot 2020 vil fylkeskommunen ha kapasitet til 5 nye fredingar. Fylkeskommunen vil starta kartlegging av kulturminne og moglege fredingsobjekt innan fleire av fredingsstrategiens prioriterte tema. Hordaland fylkeskommune vil gje særskild merksemd til kulturminnekategoriar der Hordaland merkar seg ut. Fylkeskommunen ynskjer å utarbeide regionale bevarings- og formidlingsprogram for utvalde kulturminnekategoriar.

Utfordringar 2016

Det vil bli vurdert om det er behov for ein regional kulturminneplan med fokus på regional kulturminneinteresse/verdi.

Det er fokus på dei meir lokale kulturminna som vert ei utfordring dei neste åra. Det er difor eit mål å styrke dokumentasjon av kulturminne for å auke kunnskapen om kulturminne og samanhengane dei står i. Høg aktivitet i mange kommunar gjer at tapet av lokale kulturminne er omfattande. Det er nødvendig å vidareutvikle kulturminnekompetansen i lokal forvaltning, setje meir merksemd på arealplanlegginga, og styrkje samarbeid med sivilsamfunnet (musea, lag, organisasjonar, næringsliv og private). Ordningane for antikvarisk rådgjeving må vidareutviklast, ein treng meir merksemd på bruk og vedlikehald og styrka verkemiddel og tilskotsordningar i samspel mellom offentleg og privat sektor.

Dei konsoliderte musea i Hordaland har i arbeida med ein felles samlingsplan stor fokus på nærings- og institusjonsutvikling i Hordaland og korleis historia i Hordaland kan takast vare på gjennom museal dokumentasjon og samlingar. Ein har starta arbeidet med å sjå på særlege trekk i nærings- og institusjonshistoria fram til 1950. Dette er eit arbeid som vert ført vidare i 2016 og vil vere viktig i arbeidet med utvalde kulturminnekategoriar.

Hordaland vil vidareutvikla fagleg samarbeid med internasjonale partnerar i aktuelle kulturminnesaker; ma. nye strategiar og metodar for store og omfangsrrike bevarings- og forvaltningsoppgåver. Å utvikle gode modellar og møteplassar for tverrfagleg samarbeid mellom det private, det offentlege, og det frivillige og generelt med omsyn til kunnskapsbasert forvaltning. Fylkeskonservatoren vil ha auka fokus på det frivillige kulturminnevernet.

Kommentarar frå Riksantikvaren

Hordland vil styrke arbeide med Kunnskapsløftet for kulturminneforvaltinga og vidareutvikle ordninga med bygningsvernkonsulentar. Riksantikvaren er svært nøgd med arbeidet fylkeskommunen gjer på dette området, og oppmodar fylkeskommunen om å halde fram med arbeidet til alle kommunane i Hordaland har vedteke kulturminneplanar. Dette er ei av Riksantikvaren sine viktigaste satsingar i 2016. Det er viktig at dei kommunane som har fått midlar til planarbeid får planane politisk stadfesta. Vi vil også understreke at det er viktig å leggje den vedtekne lista over kommunalt verneverdige kulturminne inn i Askeladden. Det er ikkje utan vidare behov for å gjere omfattande registreringar, då dei fleste kommunane har godt nok kunnskapsgrunnlag for å lage ei første utgåve av ein kulturminneplan. Ved å leggje særleg vekt på handlingsdelen vil arbeidet kunne følgjast opp etter vedtak. Planane skal vere levande dokument som skal brukast i kommunane. Lokale planar gjev også eit godt grunnlag for prioritering av økonomiske ressursar, og vi gjer merksam på at kulturminne som er omfatta av kommunale kulturminneplanar vil bli prioriterte i Kulturminnefondet sine tildelingar av tilskot til verneverdige kulturminne.

Fylkesrådmannen har lagt fram til budsjett for 2016 at dei regionale tilskotsordningane for kulturminne styrkast ved at ei ny tilskotsordning, *Drift av fartøy og teknisk-industrielle kulturminne* vert oppretta med kr 500 000 og at tilskotsordninga for *Vern og vøling av faste kulturminne* og *Bevaringsprogram for arkeologiske kulturminne* vert styrka, kvar med kr 200.000. Riksantikvaren ser svært positivt på at fylkeskommunen ynskjer å prioritere tilskot til drift av farty og teknisk-industrielle kulturminne. Dette er to grupper kulturminne som det er ressurskrevjande å ivareta, og bevaring gjennom bruk er den beste forma for bevaring.

Riksantikvaren meiner det er positivt at Hordaland vil fylje opp arbeidet med etableringa av bygningsvernssenter for etter- og vidareutdanning av handverkarar.

Riksantikvaren ser det som positivt at fylkeskommunen vil styrka rådgjeving og oppfølging av eigarar, gjennomføre regelmessig registrering av tilstandsgrad og rapportering av tilskot til freda kulturminne i heile Hordaland.

Hordland fylkeskommune skriv at arbeidet med eldre fredingssaker skal prioriterast og fullførast i 2016. Riksantikvaren har lenge vore svært bekymra når det gjeld framdrifta i fredingssakene i Hordaland. Det vises til særskilt brev frå Riksantikvaren om dette. Riksantikvaren vil og peike på at dei lovpålagde oppgåvene må prioriterast.

Fylkeskommunen vil vurdere om det er behov for ein regional kulturminneplan med fokus på regional kulturminneinteresse/verdi. Riksantikvaren er positiv til dette dersom ein slik regional plan byggjer på dei kommunale kulturminneplanane, og at dette arbeidet prioriterast.

Fylkeskonservatoren vil ha auka fokus på det frivillige kulturminnevernet. Riksantikvaren og DNT har eit samarbeid om prosjektet Historiske vandreruter. Det er planlagd å starte arbeidet med ei rute over Hardangervidda i 2016. Arbeidet vil skje i samarbeid mellom Statens naturoppsyn og Oslo og omegn turistforening. Vi ber fylkeskommunen om å bidra om de blir spurde.

Riksantikvaren prioriterer å slutføre arbeidet med Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse i Hordaland i 2016, jf. brev til fylkeskommunen 17.11.2015. I arbeidet vil vi mellom anna ha ny kontakt med fleire involverte kommunar. Vi ønskjer framleis å ha fylkeskommunen med som ein sentral part, og å halde fram det gode samarbeidet med kulturminneforvaltinga i fylkeskommunen og med nyttige bidrag frå Regionalavdelinga, Planseksjonen.

Det er no tilsett byantikvar i Odda. Dette vil vere ein god ressurs i kommunen i forvaltinga av kulturminne. Riksantikvaren vonar at det kan etablerast eit godt samarbeid mellom byantikvaren og kulturminneforvaltinga i fylkeskommunen.


Prosjektet Kystpilegrimsleia er omlag halvvegs. Riksantikvaren ønskjer dialog med fylkeskommunane som eig prosjektet, om korleis det kan fullførast. Budsjettsituasjonen inneber at det førebels er usikkert om vi kan gi tilskot til prosjektet i 2016. Fylkeskommunane har uansett den avgjerande rollen, og vi oppmodar Hordaland fylkeskommune til i samarbeid med dei andre involverte, å vurdere korleis prosjektet best kan gjerast ferdig.

I 2016 vil Riksantikvaren gjennomføre fylkesmøte med hovudtema arealplanar. Vi vil kome attende med forslag til aktuelle møtetidspunkt.

Riksantikvaren vil også takka for at Hordaland fylkeskommune har invitert leiarane for den regionale og nasjonale kulturminneforvaltinga til samling i Bergen i mai 2016. Vi ser fram til eit nært samarbeid om gjennomføringa av denne samlinga.

Riksantikvaren ser fram til eit fortsatt godt samarbeid med Hordaland fylkeskommune i 2016.

Beste helsing



Jørn Holme

Kopi til: Klima- og miljødepartementet, Postboks 8013 Dep, 0030 Oslo